
Saksnr: 2021/2013-2
Saksbehandlar Anders Søyland
Dato: 25.02.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Oppretting av ny driftseining i Skjergardstenesta

Den båtbaserte drifta av friluftsområde ved sjøen på Vestlandet er organisert i Vestkystparken, Vestlandet si Skjergardsteneste.

Fjordane Friluftsråd søkte i brev datert 11. november 2020 Miljødirektoratet om etablering av ny driftseining i Skjergardstenesta. Etter tilråding frå Miljødirektoratet har Klima- og miljødepartementet no godkjent at Fjordane Friluftsråd vert etablert som ny driftseining i Skjergardstenesta.

Vedlagt følger brev frå Miljødirektoratet som stadfestar at Fjordane Friluftsråd etablerast som ny driftseining i Skjergardstenesta og at det innvilgast statleg stønad til drift av Skjergardstenesta i Fjordane friluftsråd. Frå 2022 vil tilskotet til Fjordane Friluftsråd til dette arbeidet bli tildelt via Vestkystparken.

Vedlegg

- 1 Etablering av Skjergårdsteneste Sogn og Fjordane